
Fra: Anne Lise Molvik
Sendt: 20. mars 2014 09:38
Til: 'baard.aulin@skbb.no'; 'te-baat@online.no'
Emne: Søknad om utsleppsløyve for gbnr 62/12 og 13 m fleire.

Gjeld søknad om utsleppsløyve for gbnr 62/12 og 13 m fl.
Arkivsaknr. 14/306.

Eg viser til kommunen sitt skriv av 05.03.2014 og telefonsamtalar med Bård Aulin og Terje Båtevik om saka.

Søknaden om utsleppsløyve gjeld gbnr 62/12 og 13, men det er samstundes sagt i søknaden at utsleppet som ein ønskjer å etablera skal vera eit felles utslepp for 4 hytter med felles slamavskiljar. Då utsleppsleidingen skal omfatta fleire eigedomar føreslo kommunen difor at ein burde søkja om eit felles utsleppsløyve for alle eigedomane, jf vårt skriv av 05.03.2014. På denne måten vil ein kunne redusera kostnadane knytt til sakshandsaming totalt då ein berre får eitt gebyr for utsleppsløyve og eitt gebyr for handsaminga av tiltaket etter plan- og bygningslova og etter hamnelova.

Endring av utsleppsløyva for gbnr 62/24 og gbnr 62/27 krev også søknad.

Kommunen kan gje utsleppsløyve for 62/12 og 13 for inntil 4 hytter (20 pe?), jf søknaden. Då må kvar eigedom som skal inn på leidingen søkja om utsleppsløyve, eller endring av utsleppsløyve for dei som allereie har utsleppsløyve, når det er aktuelt å kopla seg på fellesleidingen. Kvar eigedom vil då få handsamingsgebyr for utsleppsløyve og etablering av naudsynt leidningsnett etter pbl fram til fellesleidingen.

Gebyr per dato:

Utsleppsløyve inntil 15 pe	kr 4 200,-
Utsleppsløyve 16 til 100 pe	kr 6 300,-

Plan- og bygningslova	
Dispensasjon	kr 7 900,-
Tiltak VA-anlegg inntil 2 einingar	kr 3 700,-
Tiltak VA-anlegg 3-50 einingar	kr 9 500,-

Handsaming etter hamnelova	Sjå Bergen og omland hamnevesen
----------------------------	---------------------------------

Nytt gebyrregulativ skal handsamast i kommunestyret 20. mars. I framlegget til gebyrregulativ er det m.a. føreslått at gebyr etter ureiningslova og pbl skal reduserast med 70 % for eigedomar der det er eldre godkjende utslepp. Gebyra som er skissert over er også foreslått endra noko.

Når det gjeld dispensasjon krev tiltaket dispensasjon frå både funksjonell strandsone og plankrav. Sistnemnde kom, ved ein feil, diverre ikkje med i vårt skriv av 05.03.2014.

Søknaden vert handsama når manglande dokumentasjon, jf vårt skriv av 05.03.2014, ligg føre.

Med venleg helsing

*Anne Lise Molvik
Rådgjevar
Areal- og miljøeininga
Lindås kommune*